


ÅRSMELDING OG REKNESKAP

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS



2013

STYRETS ÅRSMELDING 2013

2013 er Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR) sitt 25 driftsår. VØR er heileigd av Ørsta og Volda Kommunar og eigarane heftar for selskapet sine disposisjonar med 50% på kvar. Selskapet ligg i Hovdebygda i Ørsta Kommune og driv med innsamling og behandling av avfall og slam på vegne av eigarkommunane.

Abonnementfordeling:

Kommune	Hushaldningar og fritidshus	Slam
Ørsta	4825	1070
Volda	4066	536
Sum	8891	1607

Styringsorgan

Representantskapen avvikla 2 møter og styret 4 møter dette året.

Representantskapens sine medlemar er: Jostein O. Mo – leiar, Dan Bjørneset – nestleiar, Arne Oddmund Torvik, Astrid Gjersdal, Rebecca Christina Riise, Rigmor Vartdal, Johan Bertil Vartdal og Kari Aamaas.

Styret sine medlemmer: Ann Britt Våge Fannemel – leiar, Jon Helge Bjørndal - nestleiar, Pauline Vinjevoll, Jan Henning Egset og Ove Myklebust (tilsette representant)

INNSAMLING OG GJENVINNING.

Innsamling og avsetning av avfall går som normalt i 2013. Attvinningsgraden er 99 %. Dette fordelar seg på 55 % energiattvinning og 44 % materialattvinning. 0,6 % går til deponi og er ikkje brennbare fraksjonar som eternit og byggisolasjon.

Samla sett har vi ein liten auke i avfallsmengdene i 2013. Det som aukar er leveringane direkte til miljøstasjonen slik som trevirke, grovavfall frå private, elektrisk og elektronisk avfall og ikkje minst farleg avfall. Mengdene innsamla med bilane er relativt stabile. Litt ned med restavfall og litt opp på papir, papp og plast.

Nedanfor er ein tabell som syner utviklinga i avfallsmengder siste tre åra.

<i>Avfallsmengder i tonn</i>	2011	2012	2013
Hushaldningsavfall	3.632	3.597	3.524
Papir / papp	1.185	1.053	1.091
Plast	32	30	33
Glas	218	141	169
Farleg avfall	128	108	250
E.E. avfall	232	204	235
Hageavfall	Ca 2.000	Ca 2.000	1.750
Grovt restavfall	554	579	619
Trevirke	201	224	252
Slam		774	116
SUM	8.182	8.710	8.039

Gjenvinning

Det er eit mål å auke materialgjenvinninga slik at det kan lagast nye råvarer. Det krev reine fraksjonar utan innslag av ureining og her har vi ei informasjonsutfordring innan alle fraksjonar.

Plastsekkar i hageavfallet blir ikkje til jord når ein komposterar, og ingen vil ha jord som inneheld plastbitar. Matrestar i plastavfallet er kjelde til lukt og utøy og blir ikkje til ny plast. Jord, planter og hageavfall i hushaldningsavfallet kan ikkje nyttast til energigjenvinning og blir heller ikkje til ny verdifull jord slik den burde. Tilgrisa papir av fett og matrestar er restavfall, kan ikkje nyttast til å lage nytt papir av.

Reine fraksjonar er ein føresetnad for gjenvinning, og det har abonnentar og VØR eit felles ansvar for å få til.

Blanda avfall frå hushaldningane.

Mengdene restavfall har flata ut siste åra. Den same utviklinga ser vi i 2013, der mengdene går ned til tross for at folketalet aukar i begge eigarkommunene. Det er positivt. Restavfallet blir levert til energigjenvinning via HRR Miljø AS på Hamar. Dei har igjen brukt Tafjord Kraftvarme AS som sitt mottaksanlegg.

Papp, papir og drikkekartong.

Innsamla kvantum hos hushaldningane går litt opp i 2013. Vi har sett ei utflating og fallande kurve heilt frå 2008, men i 2013 går mengdene litt opp. Vi veit ikkje grunnen til dette, men det kan ha samband med at reduksjonen frå 2011-2012 var på heile 11 %, og at det no er i ferd med å flate ut.

Det lesbare papiret blir sortert og går til produksjon av nytt avispapir. Pappen blir resirkulert til ny papp og drikkekartongen blir til konvoluttar og postkort.

Grønt Punkt Norge motiverar oss til å sortere ut drikkekartong ved bruk av returkartonglotteriet. I 2013 hadde vi ingen heldige vinnarar frå vårt område, mot tre i 2012.

Glas og metall

Det meste av glaset går som råvare til produksjon av isolasjonsmaterialet steinull (glava) Innsamla mengder glas har gått opp siste året etter ein nedgang i 2012.

Vi ventar ingen stor auke i glasmengdene i tida framaover, då fleire og fleire mat og drikkevareprodusentar går over på alternativ emballasje til glas for å redusere sine logistikk - kostnader.

Plast

Plast går til Tyskland for attvinning via Grønt Punkt Norge AS som er vår avtalepart. Etter mange år med materialattvinning på 30-40 % av den innsamla plasten, gir moderne sorteringsteknologi no ei gjenvinningsgrad på rein og tørr hushaldningsplast på opp mot 80 %.

Kommunestyra slutthandsama renovasjonsforskriftene i juni-13, og etter at vi fekk levert ut returplastsekkar til alle i september / oktober, har plastmengdene auka monaleg. Heile leveransen av 33 tonn i 2013 vart levert til Grønt Punkt Norge AS i desember. Vi ventar derfor større mengder i 2014. Nye rullar med plastsekkar vert levert ut i mai - juni -14.

Farleg avfall.

Mengda av innsamla farleg avfall er meir enn dobla sidan 2012. Det har to forklaringar. Den eine er at Klif har utvida talet fraksjonar som vert rekna som farleg avfall. Dette gjeld brannsløkkingsapparat uansett om dei er tome eller ikkje, alt av isolerglas, golvbelegg med ftalatar, tonerkassetar frå kopimaskiner m.m.

Den andre er at VØR innførte gratis levering for private for alle fraksjonar som er klassifisert som farleg avfall frå og med 01.01.2013. Dermed vart t.d. eternit med asbest i og impregnert tremateriale gratis å levere. Disse to fraksjonane står for 115 tonn av veksten frå 2012 til 2013.

Det er positivt at fleire og fleire er merksame på at farleg avfall må skiljast ut og handterast som eigen fraksjon og ikkje minst at dei tar konsekvensen av det å leverar det til VØR og dermed godkjend slutthandsaming.

VØR har mottaksplykt av farleg avfall frå næringsverksemdar med mengder inntil 400 kg. Mengdene frå næringslivet aukar. Særskild impregnert og kreosothaldig materiale.

Vi har som før 10 stasjonar for farleg avfall ute på bygdene i tillegg av Miljøstasjonen i Hovdebygda. Stasjonane på bygdene er også mottaksplass for mindre typar elektroavfall.

Slam.

2013 er det ikkje ordinær innsamling av slam. Vi hadde innsamling av tette tankar, kommunale fellestankar og frå dei som ynskjer årleg tøming av tank. Totalt vart det samla inn 116 tonn slam frå slamavskiljarar i 2013. Alt slam vart vidarelevert til Vestnes Renovasjon AS som del av kontrakta med Moldskred Renovasjon AS.

Elektrisk Elektronisk avfall.

Innbyggjarane leverte litt meir E.E. avfall pr person til Miljøstasjonen i 2013 i høve 2012. Dette svingar frå år til år, utan at vi har noko god forklaring på kvifor. Innsamla mengder har VØR vidarelevert til returselskapet ERP Norge AS. Her blir EE avfallet miljøsanert og sendt vidare til gjenvinning.

Hageavfall.

Nytt i 2013 er at reint hageavfall vert levert som strukturmateriale til Miljøservice AS sitt komposteringsanlegg for kloakkslam på Eid. Etter bruk i komposteringa, vert råproduktet vidarelevert til Grøn Vekst AS som produserer blomsterjord og torvtak av det. Kvalitetskrava til strukturmaterialet er strenge. Finstoff frå gras og lauv skal ikkje vere innblanda. Vi vil derfor i løpet av 2014 legge til rette for eit eige sorteringstilbod på miljøstasjonen for lauv, gras og nedfallsfrukt.

Drift

Drifta i innsamling og miljøstasjon er i stor grad prega av stabilitet. Av nye tiltak innførte vi fri levering av alt farleg avfall frå 01.01.2013. Det inkluderte impregnert treverk, alle isolerglas med ramme og asbesthaldige materiale frå private som ikkje tidligare vart tatt imot vederlagsfritt. Administrativt innførte vi e-fakturaløysing bedrift til bedrift frå andre halvår, og vi leverte ut returplastsekkar til alle abonnentar i september oktober. Ein omfattande operasjon som vi fysisk fekk gjort i løpet av seks veker. Nye forskrifter vart vedtekne av kommunestyra i juni.

Første halvår vart vi ferdige med ei oppgradering av anlegget i Hovdebygda med installasjon av meir utelys, reasfaltering av areala rundt vekta, tillaging av parkeringsareal ved administrasjonsbygget, utbetring av skader på bygga parallelt med at vi sette opp bommar i tilknytning til vekta for å få betre likehandsaming og kontroll av dei som leverar avfall.

VØR 25 år i 2013.

I september feira vi at VØR var 50 - 30 og 25 år med arrangement i Aasentunet. 50 år sidan eigarkommunane våre starta samarbeid om forbrenningsanlegg i Alida. 30 år sidan første representantskapen i VØR vart vald. 25 år sidan VØR fekk konsesjon for omlastingsstasjonen i Hovdebygda.

Dagen etter jubileet i Aasentunet arrangerte vi ein sær sars vellukka open dag på anlegget vårt med over 300 gjestar innom anlegget.

Hausten 2012 engasjerte styret Gunnar Ellingsen for å skrive avfallshistoria til VØR og Volda og Ørsta Kommune. Boka vart ferdig til jubileet og kunne syne til ei nær hundre års avfallshistorie i Volda og Ørsta. I samband med bokskrivinga fekk vi rydda opp i arkivet vårt både med omsyn til dokument og bilete. Alle protokollar frå 1988 er no tilgjengeleg på heimesida vår. Vidare har vi digitalisert og laga til ein link til alle gamle bilete av renovasjonen.

Avfallskonferansen 2013.

Denne vart arrangert 4-6 juni 2013 i Ålesund av vår nasjonale bransjeorganisasjon Avfall Norge. Konferansen hadde 800 bransjedeltakarar, og for å få det til, måtte alle avfallselskapa i Møre og Romsdal trå til.

Frå VØR var Edle Holmin medlem i Fest og Kulturkomiteen, Petter Bjørdal var medlem i Programkomiteen og Anne Mette Farstad hjelpte til som medlem av styret i Avfallsforum Møre og Romsdal.

Under sjølve arrangementet hadde vi oppgåver knytt til gjennomføringa av parallellsesjonane. Edle Holmin hadde kontroll med deltakarar og den praktiske gjennomføringa av parallell sesjonen; Matavfall og biologisk behandling.

Petter Bjørdal leia sesjonen - rekruttering, i tillegg av å leie årsmøtet i Avfall Noreg.

Eigarskap i andre selskap.

VØR har eigarskap i andre selskap der ein oppnår auka kompetanse, god ressursutnytting og styrkt driftsresultat. Oppgåver i tråd med § 4 i selskapsavtalen.

Rekom AS: Vi har 30 aksjar. (0,64% eigarskap) Rekom AS er eit firma som har spissa kunnskapar innan sal av avfall. Firmaet held til i Bergen og er eigd av kommunar og interkommunale avfallsselskap. I 2013 vert trevirke og papp/ papir mekla via Rekom.

Retura Norge AS: Vi har 77 aksjar (0,64% eigarskap) Firmaet driv med sal overfor kundar som krev landsdekkjande avtalar for avfall, innkjøp, IT drift og kompetanseutvikling for Returaselskap i heile landet. Firmaet held til i Oslo og er 2/3 eigd av kommunar og interkommunale avfallsselskap. 1/3 eigd av private.

Retura Søre Sunnmøre AS (RSS): Vi har 50 aksjar og 100% eigarskap. Selskapet driv med innsamling, sortering og vidaretransport av avfall for næringslivet i Volda og Ørsta. Selskapet har ei omsetning i 2013 på om lag 20 mill kr og 7 tilsette. Selskapet er ein lokal totalleverandør av avfallstenester for næringslivet. Selskapet held til på vårt område i Hovdebygda.

Drifta i RSS er med på å halde nede kostnadene både for VØR og RSS då vi saman oppnår god utnytting av felles bygningssmasse, spesialutstyr og personalressursar.

Fefast AS. Vi eig 15 aksjar (16,13 % eigarskap). Dette er eit selskap som arbeidar for bru mellom Festøy og Solavågen.

Personale, arbeidsmiljø, ytre miljø, sjukefråvær og ulykker.

VØR har ved utgangen av året 15 fast tilsette. Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst utfordringane i 2013 godt.

Internkontrollsystemet er oppdatert og det er gått vernerunder for å kartlegge arbeidsmiljøet og avdekke eventuelle avvik. Risikovurderingar vert brukt aktivt for å avdekke risiko for uhell og sjukefråvær. Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

Arbeidsmiljøsituasjonen i VØR er generelt bra. Vi organiserar aktivitetane på anlegget slik at risikoen for ulykker på anlegget og utslepp til det ytre miljø vert minimert. Vi har eigen Sikkerheitsrådgivar, slik forskriftene for anlegg med farleg avfall krev.

Likestilling er gjennomført i styrande organ, og vert teke omsyn til ved alle nytilsettingar. Av våre tilsette er 4 kvinner.

Saman med RSS har vi heile tida ein lærling i sjåførfaget. Ein lærling tok fagbrev i november 2013. Ny lærling i sjåførfaget tok til i august, og er no i opplæring. Denne gangen er lærlingen ei kvinne.

VØR hadde 1,7 % eigenmeldt fråvær inklusiv fråvær på grunn av barns sjukdom (< 3 dagar) og 9,1 % legemeldt sjukefråvær. Av det legemeldte sjukefråværet går alt fråværet utover 16 dagar. Totalt eit sjukefråvær på 10,8 %. To langtidssjukemelde står for 60 % av fråværet, og grunnar som VØR ikkje har påverknad på. Vi har ikkje sjukefråvær på grunn av arbeidsuhell i 2013.

Vi har ikkje registrert tilfeller av ureining til det ytre miljø i 2013. VØR sine bilar har alle miljøvennlege Euro- motorar.

Representasjon.

Ann Britt Våge Fannemel, Jan Henning Egset, Pauline Vartdal Vinjevoll, Hege Welle Aam, Gunn Velle Tranvåg, Anne Mette Farstad og Petter Bjørdal representerte VØR på årsmøte og temadagar i Avfallsforum Møre og Romsdal i Ulsteinvik 19 og 20 mars. Petter Bjørdal hadde innlegg med tema " Inspirerar monoopolet oss til effektiv ressursbruk ? "

Ann Britt Våge Fannemel, Edle Holmin, Anne Mette Farstad og Petter Bjørdal deltok på den nasjonale avfallskonferansen i Ålesund i juni.

Ann Britt Våge Fannemel representerte VØR under årsmøtet i Avfall Norge i Ålesund i juni.

Anne Mette Farstad er styremedlem i Avfallsforum Møre og Romsdal. Anne Mette Farstad deltok på Avfallsforum Møre og Romsdal sin fagtur til Island i oktober.

Ove Myklebust og Bård Johansen deltok på ei todagars synfaring for renovatørar i Trøndelag i november.

Gunn Velle Tranvåg og Hege Welle Aam deltok på " Fagdagar for forvaltningssystemet KomTek "11-13 november.

RAMMEVILKÅR.

Konsesjon og forskrifter

Vilkåra for drift av sorteringsstasjonen til VØR er gitt i konsesjon datert 12.11.97.

VØR hadde ikkje førehandsmeldt tilsyn frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal den 01.10.13, og tilsyn frå Arbeidstilsynet den 30.09.13. I disse tilsyna vart det gitt to avvik. Disse gjekk på manglande dokumentasjon og manglande rutinar. Avvikane er lukka innfor fastsett frist .

Slamhandsaming i Alida.

VØR mellomlagra avvatna slam i Alida til og med 2012. Det er utført noko førebuande avslutningsarbeid i 2013, resten vert utført i 2014 og i 2015.

ØKONOMI.

Sjølvkostrekneskap renovasjon

VØR rapporterer sitt rekneskap til SSB –Kostra pr resultatområde. Regelverket for utrekning av kommunale gebyr krev at svingingar i inntekter og kostnader, dvs overskot eller underskot skal framførast det aktuelle resultatområdet og brukast eller dekkast inn etterskotsvis i ei periode på 3-5 år for å oppnå mest mogleg stabile gebyr. VØR sette ned gebyra i 2008-09-10 og 11. I 2013 er gebyra uendra frå -11 og -12. Dette for å tilbakeføre tidligare års overskot til abonnentane.

Årsresultatet

Årsresultatet for drifta syner eit underskot på hushaldningsrenovasjon på 1.411.932,- som vert dekt av bunde fond hushaldningsgebyr.

Årsresultatet syner eit underskot på slam på kr 801.147,- som vert dekt av bunde fond slamgebyr. Inntekter og kostnader for slamområdet må sjåast i eit to års perspektiv. Det aller meste av inntektene vert ført i partalsår, (det året tøminga vert utført) medan ein del av kostnadene er like frå år til år.

Årsresultatet syner eit overskot på kr 691.786,- etter skatt for området utleigeaktivitetar som vert overført til annan eigenkapital.

Resultatrekneskapen viser totalt sett eit samla underskot på kr 1.534.790,-,

Generelt har vi ei god og stabil drift takka vere motiverte og flinke tilsette. Dette har hjulpet oss også i 2013. Styret meiner at føresetnaden for fortsett drift er tilstade.

Totalt sett er styret godt nøgde med året 2013, og takkar dei tilsette for innsatsen.


Hovdebygda 31.03.14



Ann Britt Våge Fannemel
Styreleiar


Jon Helge Bjørndal
Nestleiar


Jan Henning Egset


Pauline Vartdal Vinjevoll


Ove Myklebust
tilsette sin representant


Petter Bjørndal
Dagleg leiar

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA**RESULTATREKNESKAP**

	Note	2013	2012
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter			
Salsinntekt		21 819 654	23 276 766
Annan driftsinntekt		<u>61 173</u>	<u>57 739</u>
Sum driftsinntekter		<u>21 880 827</u>	<u>23 334 505</u>
Driftskostnader			
Utbetaling til sjølvstendig næringsdrivande		21 276	
Lønnskostnad	2	8 184 122	7 891 018
Avskrivning	3	3 042 864	2 997 234
Annan driftskostnad		<u>12 365 242</u>	<u>11 383 447</u>
Sum driftskostnader		<u>23 613 504</u>	<u>22 271 699</u>
Driftsresultat		<u>-1 732 677</u>	<u>1 062 806</u>
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekt		765 111	531 884
Annan finanskostnad		<u>504 433</u>	<u>612 545</u>
Sum netto finanspostar		<u>260 678</u>	<u>-80 661</u>
Resultat før skattekostnad		-1 471 999	982 145
Skattekostnad på ordinært resultat	7	<u>62 791</u>	<u>142 598</u>
Ordinært resultat		<u>-1 534 790</u>	<u>839 547</u>
Årsresultat		<u>-1 534 790</u>	<u>839 547</u>
Årsoppgjersdisposisjonar			
Frå fond til etterdriftstiltak deponi		13 497	
Frå fond slam		801 147	293 397
Frå fond hushaldning		1 411 932	-120 073
Overført annan EK		<u>-691 786</u>	<u>666 223</u>
Sum disponert		<u>1 534 790</u>	<u>839 547</u>

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA

BALANSE PR. 31.12.13

	Note	2013	2012
EIGEDLAR			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	16 716 851	16 686 639
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskiner og liknande	3	<u>8 475 161</u>	<u>7 653 775</u>
Sum varige driftsmidler		<u>25 192 012</u>	<u>24 340 414</u>
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og andelar		<u>1 177 824</u>	<u>1 148 703</u>
Sum finansielle anleggsmidler		<u>1 177 824</u>	<u>1 148 703</u>
Sum anleggsmidler		<u>26 369 836</u>	<u>25 489 117</u>
Omlaupsmidler			
Varer			
Varelager		<u>150 148</u>	<u>84 264</u>
Sum varer		<u>150 148</u>	<u>84 264</u>
Fordringar			
Kundefordringar		1 388 411	1 968 819
Andre fordringar		<u>456 378</u>	<u>716 247</u>
Sum fordringar		<u>1 844 789</u>	<u>2 685 066</u>
Bankinnskot, kontantar og liknande	4	<u>8 590 849</u>	<u>13 908 825</u>
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		<u>8 590 849</u>	<u>13 908 825</u>
Sum omlaupsmidler		<u>10 585 786</u>	<u>16 678 155</u>
SUM EIGEDLAR		<u>36 955 622</u>	<u>42 167 272</u>

2013

2 012

EIGENKAPITAL OG GJELD**EIGENKAPITAL****Opptent egenkapital**

Fond for etterdriftstiltak deponi	748 727	762 224
Fond for slamhandsaming	62 044	863 191
Fond for hushaldning	7 398 719	8 810 651
Annan egenkapital	8 771 727	8 079 943
Sum opptent egenkapital	<u>16 981 217</u>	<u>18 516 009</u>

Sum egenkapital	<u>16 981 217</u>	<u>18 516 009</u>
------------------------	-------------------	-------------------

GJELD**Avsetning for forpliktelsar**

Utsett skatt	83 185	88 130
Sum avsetning for forpliktelsar	<u>83 185</u>	<u>88 130</u>

Annan langsiktig gjeld

Gjeld til kredittinstitusjonar	5 <u>16 590 248</u>	<u>19 791 174</u>
Sum annan langsiktig gjeld	<u>16 590 248</u>	<u>19 791 174</u>

Sum langsiktig gjeld	<u>16 590 248</u>	<u>19 791 174</u>
-----------------------------	-------------------	-------------------

Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld	1 622 287	2 158 637
Betalbar skatt	67 736	148 538
Skyldige offentlege avgifter	365 808	330 647
Annan kortsiktig gjeld	1 245 141	1 134 137
Sum kortsiktig gjeld	<u>3 300 972</u>	<u>3 771 959</u>


Sum gjeld	<u>19 974 405</u>	<u>23 651 263</u>
------------------	-------------------	-------------------

SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	<u>36 955 622</u>	<u>42 167 272</u>
----------------------------------	-------------------	-------------------

Hovdebygda 31.03.14




Ann Britt Våge Fannemel
Styreleiar



John Helge Bjørndal
Nestleiar i styret




Jan Henning Egset
Styremedlem



Pauline V. Vinjevoll
Styremedlem



Ove Myklebust
Tilsettere representant



Petter Bjørdal
Dagleg leiar

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2013

Note 1 **Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små føretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende: det lavaste av kostpris og verkeleg verdi for varer kjøpt inn for vidareasal, forsikra pensjonsforpliktelsar er ikkje balanseførte- kostnader er lik utbetalinga i året til forsikringselskapet, leigeavtaler er ikkje balanseførte, varige driftsmidlar er som hovudregel avskrive lineært over venta økonomisk levetid.

Note 2 **Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.**

	2013	2012
Løner	5 790 455	5 424 979
Folketrygdavgift	976 626	972 113
Pensjonskostnader	876 377	1 103 803
Andre lønskostnader	540 664	390 123
Sum lønskostnader	<u>8 184 122</u>	<u>7 891 018</u>

Det har vore 14 tilsette i selskapet i gjennomsnitt i 2013

Godtgjersler	Dagleg leiar	Styre/ Representantskap
Løn	698 602	239 500
Pensjonspremie		
Anna godtgjersle	4 612	

Pensjon

Selskapet har plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapet si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lova.

Pensjonspremie i året: kr. 835.970

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i 2013 utgjer kr. 17.400

Note 3 **Varige driftsmiddel**

Kostpris 01.01.13	55 153 227
Tilgang	3 894 462
Avgang	
Kostpris 31.12.13	59 047 689
Akkumulerte avskrivningar kostpris 31.12.13	33 370 420
Balanseførte verdier 31.12.13	25 192 012
Ordinære avskrivningar i året	3 042 864

Note 4 Bundne midlar

Posten inneheld bundne bankinnskot med kr. 365.808

Note 5 Pantsetjingar og garantiar

Gjeld til kredittinstitusjonar kr. 16.590.248 er sikra med garantiar frå eigarane.

Note 6 Eigenkapitalinnskot KLP

Selskapet har pensjonsavtale med KLP som er eit gjensidig selskap. År om anna må KLP styrke eigenkapitalen sin og dette skjer ved at medlemmane vert belasta for eigenkapitalinnskot. I 2013 er det betalt kr. 29.121 som er balanseført som eigenkapitalinnskot.

Sum innbetalt eigenkapitalinnskot er no kr. 303.324

Note 7 Skattekostnad på den skattepliktige delen av verksemda**Årets skattekostnad****Resultatført skatt på ordinært resultat:**

Betalbar skatt	67 736
Endring i utsatt skatt	-4 945
Skattekostnad ordinært resultat	62 791

Betalbar skatt i årets skattekostnad:

Ordinært resultat før skatt	741 082
Permanente forskjellar	-516 542
Andre skattefrie inntekter	-293
Grunnlag for årets skattekostnad	224 247
Endring i midlertidige forskjellar	17 662
Grunnlag for betalbar skatt i resultatrekneskapen	241 909
Skattepliktig overskot	241 909

Betalbar skatt på årets ordinære resultat	67 736
Sum betalbar skatt ordinært resultat	67 736

Betalbar skatt i balansen:

Betalbar skatt på årets resultat	67 736
Sum betalbar skatt i balansen	67 736

Utsatt skatt på bygningar er ikkje balanseført, jfr. NRS nr. 8

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til
Representantskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS

6160 HOVDEBYGDA

REVISJONSMELDING 2013

Uttalelse om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS. Årsrekneskapen består av årsmelding, resultatrekneskap og balanse pr 31.12.2013 med notar som beskriver nytta rekneskapssprinsipp og andre relevante opplysningar. Resultatrekneskapen viser eit underskot på kr 1.534.790,-.

Styret sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god regnskapsskikk. Styret har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av mislegheiter eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgave er å gi ein uttale om årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utførelse av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningar i årsrekneskapen. Dei valte handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det har si årsak i mislegheiter eller feil. Ved ein slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet sin utarbeidelse av eit årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikke for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av den interne kontroll. Revisjonen omfatter og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata som er utarbeida er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillingen til Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS pr 31. desember 2013, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne datoen som er i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk.

Uttalelser om andre forhold

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi styret har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som beskrevet ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, forutsetninga om fortsatt drift og forslaget til disponering av resultatet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

Larsnes 25/3-2014


Halldis Moltu

-reg. revisor-